



Statens vegvesen
Vegdirektoratet
Postboks 8142 Dep
0033 OSLO

Dato: 27.05.2014
Vår ref.: 2014/13969-7
Saksbehandlar: benutne
Dykkar ref.:

Statlege midlar til skredsikring (rassikring) for perioden 2010-13

Skredsikringsmidlar frå staten vert utbetalt etterskotsvis på grunnlag av rekneskapstal. Fylkeskommunen kan omprioritera midlane mellom ulike rassikringsprosjekt, og midlane kan overførast til neste år.

Hordaland fylkeskommune har rekna ut at dei rammene som Statens vegvesen har lagt inn i budsjettet vårt er vesentleg lågare enn Statens vegvesen sitt forslag til handlingsplan for rassikring på fylkesvegnettet, som vart stadfesta av Samferdselsdepartementet i brev til Vegdirektoratet av 11.5.2010 for perioden 2010-13.

I denne perioden tok det lang tid å komma i gang med dei større prosjekta, og vi har difor eit mindreforbruk på desse midlane ved utgangen av 2013. Vi er dei første til å beklaga denne forseinkinga, men vi kan forsikra om at vi no har fleire store prosjekt i gang og under planlegging, og utfordringa framover blir å prioritera slik at midlane vert nytta der behovet er aller størst.

Tildelt ramme for perioden 2010-13

Vi viser til tildeling av midlar for perioden 2010-13, jamfør brev frå Statens vegvesen Region vest av 8.6.2010 og brev frå Vegdirektoratet av 26.05.10 (vedlagt), der samla ramme for perioden vart stadfesta. Hordaland fekk tildelt ei samla ramme på **283 mill kr** (2010-kr) for perioden 2010-13, og det var også ført opp 175 mill kr for perioden 2014-19 for å ferdigstilla dei prioriterte prosjekta (Haukanesberget og Lussandberget, begge Fv 7).

Hordaland fylkeskommune har fått ulike meldingar om dei årlege tildelingane, men vi er likevel usikre på kor store midlar vi eigentleg har fått for perioden:

Frå Regionvegkontoret:

Brevet nemnt over, datert 8.6.2010, inneheld stadfesting av tildeling på 13 mill kr for 2010. For 2011-13 har vi ikkje fått noko formell stadfesting på tildelingane.

Frå Vegavdeling Hordaland:

I følge Statens vegvesen, vegavdeling Hordaland, har Hordaland fylkeskommune for perioden fått prisjusterte årlege rammer på totalt **283,8 mill kr** (jamfør tabell under). Dersom dette er korrekt, har vi i praksis ikkje fått kompensasjon for prisstigning i perioden, i strid med statens praksis.

Vi forstår ikkje korleis Statens vegvesen sine tal (2011-13) kjem fram, og ber om forklaring på dette. Vegavdelinga opplyser at desse tala kjem frå regionvegkontoret.

Omdisponering for 2012:

Vi viser til vedlagt brev datert 26.08.12, der regionvegkontoret melder om reduksjon i 2012-tildelinga på 13 mill kr, mot tilsvarande auke i 2013. Vi kan ikkje sjå at dette er tatt omsyn til i tala vi har fått frå vegvesenet, men vi stiller spørsmål om dette kan vera ei feilkjelde.

Tildelte rammer etter Hordaland fylkeskommune sine utrekningar

Hordaland fylkeskommune har rekna dei tildelte summene i 2010 med SSB sin byggekostnadsindeks for veganlegg, og komme fram til at dette utgjør samla for perioden **309,2 mill kr**. Dermed blir tildelingane for perioden **25,4 mill kr for låge** i forhold til det vi forventa (309,2 mill kr minus 283,8 mill kr).

Tilsegn midlar 2010-13 (mill kr)	2010	2011	2012	2013	Sum
Tildeling i 2010-mill kr (brev Vegdir 26.05.10)	13,000	59,000	98,000	113,000	283,000
Omdisponering 2012/13			(13,000)	13,000	-
SSB byggekostnadsindeks for veganlegg	133,1	141	144,9	149,1	
Prisjustert tilskot Vegdir. 2010 (rekna av HFK)	13,000	62,502	92,536	141,147	309,184
Årlege tildelingar iflg. Statens vegv. Region vest	13,000	60,300	101,500	109,000	283,800
Diff. tildeling Vegdir. 2010 og årlege tildelingar	-	2,202	(8,964)	32,147	25,384

Avslutning

Hordaland har store utfordringar når det gjeld skred/ras både på riks- og fylkesvegar. Vi meiner fylket vårt er i ei særstilling når ein ser på omfanget av ras, saman med kor sårbare dei viktige vegane våre er (spesielt E16, Rv 7, Fv 7). Vi kan her visa til vårt brev til regionvegkontoret av 19.12.2013, som uttale til dei foreslåtte rammene for 2014-17.

I juni 2014 skal fylkestinget ta stilling til om ein kan inngå kontrakt for Lussandberget, der fylkeskommunen sjølv må ta risikoen for fullfinansiering, ettersom rammene for 2014-17 og det overførte mindreforbruket er utilstrekkelege.

Det er derfor svært viktig for Hordaland fylkeskommune å få lovnad om at midlane ein i forrige periode fekk tilsegn om, vil bli godskrive våre rammer. Vi ber om ei snarleg avklaring på dette.

Dersom det er behov for ytterlegare informasjon, kan Bente Utne kontaktast (bente.utne@hfk.no).

Med helsing

Johnny Stiansen
fungerande fylkesrådmann

Håkon Rasmussen
fylkesdirektør samferdsel

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

Tildelingsbrev frå Vegdirektoratet 26.05.2010

Brev frå Statens vegvesen Region vest 26.08.2012

Brev til Statens vegvesen Region vest 19.12.2013

SSB byggekostnadsindeks veganlegg 2010-13

Kopi:

Statens vegvesen Region Vest